



Terrasseløysing på Øyro, lik den som Skjoldal ynskjer seg. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tretelt/spikertelt gror opp som paddehattar på Rabben Feriesenter og Øyro Marina. Men ein bør ikkje berre ha spikerteltet - det er også viktig å ha ein terrasse framfor vogn og telt.

Det synest i alle fall Sigmund Skjoldal i Sem i Vestfold, ein av dei trufaste ferierande i Uskedalen som held til på Øyro.

Han søker no kommunen om oppføring av ein 15 kvadratmeter stor terrasse som er 3 X 5 meter. Spikerteltet har han no ferdig oppsatt ved sida av vogna etter å ha fått byggjeløyve.